



# Innst. 217 L

(2016–2017)

## Innstilling til Stortinget frå arbeids- og sosialkomiteen

Prop. 52 L (2016–2017)

### **Innstilling frå arbeids- og sosialkomiteen om Oppheving av lov om ferie for fiskere og endringar i ferieloven**

Til Stortinget

#### **1. Samandrag**

##### **1.1 Proposisjonens hovudinnhald**

###### ***Innleiing***

I proposisjonen blir det fremja forslag om å oppheve lov 16. juni 1972 nr. 43 om ferie for fiskere og forslag om ei endring i lov 29. april 1988 nr. 21 om ferie (ferieloven).

Hovudformålet med lovforslaget er å forenkle regelverket. Det er også eit mål å gi fiskarar som utfører arbeid i andre si teneste, dei same rettane som andre arbeidstakrar.

Lovforslaget inneber i hovudsak:

1. At heile lov om ferie for fiskere blir oppheva.
2. At fiskarar som utfører arbeid i andre si teneste, blir omfatta av lov om ferie (ferielova).

###### ***Feriefondet for fiskarar***

Feriepengane til fiskarane blei tidlegare utbetalt gjennom eit feriefond som Garantikassen for fiskere administrerte. Denne ordninga har ikkje vore nytta på 20 år, og det blir difor føreslått å oppheve § 6 om Feriefondet i lov om ferie for fiskere.

###### ***Kven som har ein lovfesta rett til ferie***

Lovforslaget inneber at fiskarar som utfører arbeid i andre si teneste no skal omfattast av reglane i ferielova. Fiskarar som ikkje utfører arbeid i andre si

teneste (til dømes eigar), vil ikkje lenger ha ein lov-festa rett til ferie.

###### ***Tidsrom for rett til ferieavvikling***

At fiskarar som utfører arbeid i andre si teneste skal omfattast av den alminnelege ferielova, inneber at denne gruppa av fiskarar får ein vilkårslaus rett til å ta 18 dagar ferie i tidsrommet 1. juni til 30. september.

###### ***Utrekning av feriepengar***

Det blir føreslått å oppheve føresegna om berekning av feriepengar for fiskarar. Ifølgje denne føresegna skal feriepengane finansierast av fiskarane sjølv ved at arbeidsgivar trekkjer den gjeldande prosentsatsen av arbeidsfortenesta til fiskarane og utbetalar beløpet som feriepengar når det er ferie.

Det er ikkje grunn til at feriepengar for tilsette fiskarar skal utrekna på ein annan måte enn for andre arbeidstakrar. Lovforslaget inneber at feriepengar for fiskarar skal utrekna som eit tillegg til den lønna som blir utbetal i oppteningsåret.

###### ***Sanksjonar***

Lov om ferie for fiskere inneheld ei føresegn om straff. Den alminnelege ferielova har ikkje noko slik føresegn. Det blir føreslått å oppheve føresegna om straff.

###### ***Dei andre føresegndene i lov om ferie for fiskere***

Det blir føreslått å oppheve dei attverande føresegndene i lov om ferie for fiskere. Fleire av desse føresegndene har same karakter og innhald som i den alminnelege ferielova.

Det blir vist til proposisjonens kapitel 1.2, der det er gjort greie for bakgrunnen for lovforslaget.

Eit høyringsnotat blei sendt ut til aktuelle organisasjonar og institusjonar med høyringsfrist 19. november 2015. I proposisjonens kapittel 2.3 er høyringsfråsegnene gjort greie for.

I proposisjonens kapittel 3 er det gjort nærmere greie for lov om ferie for fiskere, ferielova og arbeidstidsdirektivet, under dette:

- Feriefondet for fiskarar.
- Kven som har ein lovfesta rett til ferie.
- Tidsrom for rett til ferieavvikling.
- Beregne feriepengar (lov om ferie for fiskere og ferieloven og arbeidstidsdirektivet).
- Sanksjonar.
- Andre føresegner i lov om ferie for fiskere.

I proposisjonens kapittel 4 er det gjort greie for oppheving av lov om ferie for fiskere og endring i ferieloven, under dette:

- Feriefondet for fiskarar – lov om ferie for fiskere § 6.
- Lovfesta rett til ferie – lov om ferie for fiskere § 2 og ferieloven § 2 nr. 1.
- Tidsrom for rett til ferieavvikling – lov om ferie for fiskere § 4 og ferieloven § 7.
- Lov om ferie for fiskere § 5 og ferieloven § 10 – berekning av feriepengar.
- Sanksjonar.
- Attverande føresegner i lov om ferie for fiskere.
- Andre tilpassingar i ferieloven som ikkje blei problematisert i høyringsnotatet.

Under dei enkelte punkt er det gjort greie for gjeldande rett, departementet sitt forslag i høyringsnotatane, høyringsfråsegnene, departementet si vurdering, samt departementet sitt forslag.

## **1.2 Administrative og økonomiske konsekvensar, konsekvensar for det samiske folk**

Hovudformålet med lovforlaget er å forenkle regelverket og gi fiskarar som utfører arbeid i andre si teneste, dei same ferierettar som andre arbeidstakrar.

Ved å oppheve lov om ferie for fiskere vil regelverket for ferierettar bli meir oversiktleg fordi utdattete føresegner blir oppheva. Ved å gi fiskarar som utfører arbeid i andre si teneste, same ferierettar som andre arbeidstakrar – medrekna likt tidsrom for rett til ferieavvikling og lik utrekningsmetode for feriepengar – vil lovendringane vere ei klar forenkling av regelverket.

Fiskarar som utfører arbeid i andre si teneste og tek imot hyre, vil ved ein ny utrekningsmetode for feriepengar få feriepengane som eit tillegg til den hyra som blir utbetalt i oppteningsåret, jf. ferielova § 10 nr. 1. I praksis vil dette gi hyremottakarar høgare lønn enn opphavleg avtalt. Denne lønnsauken kan om ønskjeleg justerast ved til dømes å avtale ei lågare grunnhyre det påfølgjande året.

Ein kan ikkje sjå at forslaget har nokon særskilde konsekvensar for det samiske folk.

## **2. Merknader frå komiteen**

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Dag Terje Andersen, Fredric Holen Bjørndal, Lise Christoffersen og Rigmor Aasrud, frå Høgre, Stefan Heggelund, leiaren Arve Kambe, Bente Stein Mathisen og Bengt Morten Wenstøb, frå Framstegspartiet, Ingebjørg Amanda Godskesen og Erlend Wiborg, frå Senterpartiet, Per Olaf Lundteigen, frå Venstre, Sveinung Rotevatn, og frå Sosialistisk Venstreparti, Kirsti Bergstø, viser til Prop. 52 L (2016–2017) Oppheving av lov om ferie for fiskere og endringer i ferieloven. Komiteen har ingen merknader og slutter seg til regjeringa sitt forslag.

## **3. Tilråding frå komiteen**

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av ein samla komité.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slikt

### **vedtak til lov**

om oppheving av lov om ferie for fiskere og endringar i ferieloven

#### **I**

Lov 16. juni 1972 nr. 43 om ferie for fiskere blir oppheva.

#### **II**

I lov 29. april 1988 nr. 21 om ferie blir det gjort følgjande endringar:

§ 2 nr. 5 blir oppheva. Noverande nr. 6 blir nr. 5.

III

Lova gjeld frå den tid Kongen bestemmer.

Oslo, i arbeids- og sosialkomiteen, den 14. mars 2017

**Arve Kambe**

leiar

**Per Olaf Lundteigen**

ordførar

